SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

nfu
Norsk Forbund for
Utviklingshemmede

# MØTEPLASS KULTUR, MUSIKK OG FRITID

# Begeistring og respekt

Fredag 25. mai - Scandic Sunnfjord hotel



www.sfj.no

**Kl. 9.30** **Registrering**



**Kl. 10.00** **Opning**
fylkesordførar Jenny Følling

**Kl. 10.15** **Georg Arnestad**
er seniorrådgjevar ved Høgskulen på Vestlandet. Han har sidan 1996 vore leiar for forsking og utvikling. Arnestad var tett knytt til musikkterapistudiet i Gloppen, og samarbeidde med studiet fram til det flytta til Universitet i Bergen i 2006.



**Kl.10.30** **Kari Støfringsdal**
er mest kjend som matekspert og forfattar frå Jølster. Men Støfringsdal var også ein av initiativtakarane til å skape ein kulturfestival for utviklingshemma.



**Kl. 10.45** **Olaug Nilsen**
er forfattar og opphavleg frå Førde. Ho bur i Bergen og debuterte i 1998. I 2017 gav ho ut ***Tung tids tale***, som vann Brageprisen same år. Boka er ei sterk historie om å vere foreldre til eit autistisk barn, om kampen for at barnet skal bli sett som den han er, og få den støtta han og familien treng.

**Kl. 11.15** **Pause**



## JUBILEUMSKONFERANSE

- 30 år med musikkterapistudium på Vestlandet
- 30 med kulturfestival for utviklingshemma
- 30 år med musikkterapi i Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Påmeldingfrist: 15. mai

**https://sfj.pameldingssystem.no/moteplasskulturmusikkfritid**

**Pris: 850 kr inkludert konferanseavgift og mat**

Kl. 11.30 **Karette Stensæth**
er musikkterapeut og førsteamauensis ved Norge musikkhøgskole. Stensæth er frå Fjaler. Ho har ein ph.d i musikkterapi og har vore tilsett ved Norges musikkhøgskole frå 2008.



Kl. 11.50 **Ingeborg Nebelung**
er utdanna førskulelærar og musikkterapeut. Ho har lang erfaring med barn og unge med nedsett funksjonsevne frå både skule og barnehage. Nebelung er no stipendiat ved Norges musikkhøgskule.



Kl. 12.10 Lunsj

Kl. 12.40 **Brynjulf Stige**
er professor i musikkterapi ved Griegakademiet – Institutt for musikk ved Universitetet i Bergen, samt forskingsleiar ved GAMUT, Griegakademiets senter for musikkterapiforsking, UiB og Uni Research Helse. I 1988 var han den fyrste leiaren for musikkterapiutdanninga på Sandane i Sogn og Fjordane, og han leia arbeidet med overflytting av fagmiljøet til Universitetet i Bergen i 2006. Han er no leiar for klyngenettverket POLYFON.



Kl. 13.00 **Henrik Syse**
er filosof, forfatter, føredragshaldar og forskar. Han har ein Master of Arts-grad i politisk filosofi frå Boston College (1991) og ein doktorgrad i etikk frå Universitetet i Oslo (1997). Han er seniorforskar ved PRIO (Institutt for fredsforskning) og professor ved Bjørknes Høyskole. I tillegg er han frilansar, førelesar og held føredrag ulike stadar.



Kl. 14.00 OPPTUR – opning av Kulturfestivalen
Proffenene – bandet der alt kan skje. Proffene er eit band frå Bergen med 10 medlemmer der 8 av musikarane er utviklingshemma. Dei vart etablert i 1988 og har siidan då gleda folk i alle aldrar. Det har gjeve ut fleire platar og hatt mange konsertar.

I 30 år har musikkterapi vore viktig i Sogn og Fjordane. Frå Gloppen-prosjektet til studium på Sandane, og til i dag når studiet er flytta til Universitet i Bergen og er større enn nokon gong.

Er det framleis engasjementet i Sogn og Fjordane for kultur til alle, for at musikk har ei kraft som strekkjer seg lenger enn orda?

No inviterer vi alle til å starte eit felles løft!

Gjennom føredrag, kunstneriske innslag og gode døme utforskar vi samarbeidsmoglegheiter og utfordringar for både kunstnarar og offentleg forvaltning.

SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
57 63 80 00
post@sfj.no
www.sfj.no
Foto framside: Håvard Flaatten